

## Forslag til

### **FORSKRIFT OM VERN AV KANESTRAUM NATURRESERVAT, TINGVOLL KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx xxxx med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 1 Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å verne eit stort og variert skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Lokaliteten representerer fleire naturtypar med store verdiar knytt til rik edellauvskog samt gammal furuskog. Skogen er velutvikla og med fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

#### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.:  
Tingvoll kommune 117/1, 3, 4, 5, 6 og 7.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 1942 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart dagsett Klima- og miljødepartementet xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Tingvoll kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 3 Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre eller annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som for eksempel oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### **§ 4 Generelle unntak**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn.
- e) Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f) Fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.
- g) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Bålbrann med tørrkvist fra bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

#### **§ 6 Generelle unntak fra reglene om ferdsel**

Ferdselsreglane i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyremakta. Unntaket gjeld ikke øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevest melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikke set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkjøretøy på eksisterende traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

#### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag.
- c) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- d) Gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade.
- e) Bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med godkjent forvaltingsplan.
- f) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- g) Oppføring av gjerde og samleanlegg for beite.
- h) Utsetjing av saltstein.
- i) Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre kjøretøy enn nemnt i § 6 andre ledd b.
- j) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar nemnt i § 7 b, c, d, g og h.

**§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjøre unntak fra forskriftena dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

**§ 9 Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

**§ 10 Forvaltingsplan**

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11 Forvalningsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kva instans som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskriftena.

**§ 12 Iverksetting**

Denne forskriftena trer i kraft straks.